

Temaplan for landbruk i Vestland 2023-2027





Innhold

Innleiing.....	3
Hovudmål og satsingar.....	4
Mål og delmål for satsingane.....	5
Premiss for berekraftig landbruk.....	6
Jord og areal.....	7
Klima og miljø.....	12
Rekruttering og kompetanse.....	14
Innovasjon og næringsutvikling i landbruket.....	20
Matproduksjon.....	21
Garden som grunnlag for entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling.....	30
Skog og tre.....	34
Grøn innovasjon.....	39
Verkemiddel.....	43
Samarbeid i landbrukspartnarskapen.....	45



Foto: Frantisek Duris/Unsplash

Innleiing

I «Temaplan for landbruk i Vestland 2023-2027» er det sett mål og definert strategiar for å utvikle landbruket som næring. I denne årsplanen er det planlagt kva tiltak som skal gjennomførast i 2023, for å realisere strategiane og nå mål i temaplanen. Det er ikkje planlagt tiltak for alle strategiane.

Måla og strategiane i planen legg føringar for midlar til fellestiltak som fylkeskommunen lyser ut. Midlar til «Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket» og midlar til «Rekruttering og kompetanseheving i landbruket», har landbruksnæringa som målgruppe. Tiltak som får midlar frå desse ordningane, må også tilfredsstille krav som er sett i forskrifta om tilskotsordningane og vilkår som er politisk vedtekne i fylkeskommunen.

Fylkeskommunen lyser også ut midlar mellom anna knytt til «Årsplan 2023 for Berekraftig verdiskaping» og forskning. Alle næringar kan søke på desse.

Tilskotsordningar med enkeltbruk som målgruppe, blir forvalta av Innovasjon Norge og Statsforvaltaren.

2023 er første året med regional jordvernstrategi. Arbeid knytt til strategien vil ha høg prioritet.

Møteplassar, både etablerte og nye, er viktige arenaer for å gjennomføre ein del av tiltaka i årsplanen.

Årsplanen er utarbeidd i tett samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge, Statsforvaltaren, faglaga i landbruket og representantar frå kommunane.

Fylkeskommunen eller andre partnarar har ansvar for å gjennomføre tiltaka – ofte i ein partnerskap. Kommunane må gjerne bruke planen som grunnlag for å lage eigne tiltak for å nå måla i planen.

Hovudmål og satsingar

Visjonen er fylkeskommunen sin visjon.

Hovudmålet er vedteke i Temaplan for landbruk 2023-2027.



VISJON
Nyskapande og berekraftig

HOVUDMÅL

Vestland skal vere eit nyskapande landbruksfylke basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon



Premiss for berekraftig landbruk

Jord og areal – regional jordvernstrategi for Vestland

Klima og miljø

Rekruttering og kompetanse




Innovasjon og næringsutvikling i landbruket

Matproduksjon

Garden som grunnlag for entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling

Skog og tre

Grøn innovasjon



Verkemiddel

Politisk og økonomisk

Forsking og kompetanse

Samhandling og møteplasser

Forvaltningsmessig og juridisk

Internasjonalt samarbeid

Planen har to hovudsatsingar og eitt kapittel om verkemiddel



For kvar av dei to hovudsatsingane er det etablert overordna mål, delmål og strategiar for perioden 2023-2027

HOVUDMÅL: Vestland skal vere eit nyskapande landbruksfylke basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon



Premiss for berekraftig landbruk

3.1 Jord og areal – regional jordvernstrategi for Vestland

Overordna mål: Vestland skal vere eit føregangsfylke innan jordvern, og har nullvisjon for reduksjon av dyrka jord

1. Kommunane har god tilgang til kunnskap, statistikk, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med jordvern
2. Sikre heilskapleg og langsiktig planlegging som tek i vare naturressursar, biologisk mangfald og dyrka jord
3. Jord skal nyttast, og i minst mogleg grad flyttast
4. Nedbygging av jord til landbruksføre mål skal reduserast – jorda skal drivast

3.2 Klima og miljø

Overordna mål: Eit berekraftig og klimasmart landbruk i Vestland som styrkar og utviklar matproduksjonen

3.3 Rekruttering og kompetanse

Overordna mål: Landbruket i Vestland skal ha eit godt omdøme med høg kompetanse og god rekruttering

1. Styrke og oppretthalde vestlandsbonden sitt gode omdøme
2. Vestlandsbonden skal ha høg kompetanse
3. Auke rekrutteringa til vestlandslandbruket



Innovasjon og næringsutvikling i landbruket

4.1 Matproduksjon

Mjølkk og kjøtt

Overordna mål: Halde oppe Vestland sin relative del av mjølkk- og kjøttproduksjon, og auke berekraftig fôrproduksjon

1. Styrke produksjonen av mjølkk og kjøtt
2. Auke lokal grovfôrproduksjon og bruk av beite

Frukt og grønt

Overordna mål: Auke produksjon og verdiskaping knytt til frukt og grønt

1. Auke verdiskaping på produsentnivå
2. Auke produksjon i tråd med auke i etterspurnad

Lokalmat- og drikke

Overordna mål: Auke verdiskapinga innan lokalmat

1. Auka mangfald i lokalmat
2. Auke verdiskapinga på gardsbruk med lokal foredling
3. God og sikker tilgang til marknader

4.2 Garden som grunnlag for entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling

Overordna mål: Bidra til god ressursutnytting på garden, som grunnlag for å skape ny næring

1. Legge til rette for å auke tilbodet av velferdstenester gjennom «Inn på tunet»
2. Medverke til gode og levedyktige lokalsamfunn
3. Styrke opplevingsbasert reiseliv knytt til garden

4.3 Skog og tre

Overordna mål: Auke verdiskaping og vidareforedling frå skognæringa i Vestland, med klima og berekraft som premiss

1. Skape lokale verdikjeder for trevirke gjennom nyetableringar og auka konkurransekraft
2. Skog for framtida
3. Forbetring av infrastruktur
4. Auka kompetanse og rekruttering til skog- og trenæringa


4.4 Grøn innovasjon

Overordna mål: Landbruket skal vere ein bidragsytar til berekraftig utvikling gjennom innovasjon

1. Ressursar og restressursar frå landbruket skal bidra til å utvikle nye næringar og nye verdikjeder
2. Landbruket skal produsere og ta i bruk meir fornybar energi
3. Bidra til at bonden tar i bruk innovasjonar som lettar arbeidet og aukar innteninga



Premiss for
berekraftig landbruk





Premiss for berekraftig landbruk:

Oversikt over mål, strategiar og tiltak



3.1 JORD OG AREAL: REGIONAL JORDVERNSTRATEGI FOR VESTLAND

3.2 KLIMA OG MILJØ

3.3 REKRUTTERING OG KOMPETANSE

3.1 JORD OG AREAL – REGIONAL JORDVERNSTRATEGI FOR VESTLAND



OVERORDNA MÅL: Vestland skal vere eit føregangsfylke innan jordvern, og har nullvisjon for reduksjon av dyrka jord

DELMÅL 1: Kommunane har god tilgang til kunnskap, statistikk, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med jordvern

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Lage ein status for jordbruksareal og syne endringar over tid til bruk i arealplanar og kommunale jordvernstrategiar	1	Få oversikt over status og framstille denne på ein god måte	Sjå på kva informasjon vi har tilgjengeleg i dag, og korleis denne kan framstillast best mogleg og haldast oppdatert. Starte arbeidet med ei framstilling. Må sjåast i hop med tiltak under areal i årsplan for <i>Berekraftig verdiskaping</i> , og arbeid med arealreservar.	Fylkeskommunen og Statsforvaltaren
2	Sikre samordning og kunnskapsdeling	1	Webinar med tema jordvern i kommunale planar	Utarbeide og gjennomføre eitt eller fleire webinar for kommunane. Nytte føregangskommunar og legge opp til erfaringsdeling. Målgruppe for webinarane kan gjerne vere både plan, landbruk og politikk.	Fylkeskommunen og Statsforvaltaren
		2	Vurdere å gjennomføre politikaropplæring om jordvern	Fylkeskommunen tek initiativ til drøfting med KS.	Fylkeskommunen i samarbeid med KS
		3	Nytte etablerte arenaer for kunnskapsdeling om jordvern	Ha jordvern som tema på etablerte arenaer, til dømes Mentornettverkordninga for kommunale planleggarar og den årlege plankonferansen for Vestland.	Fylkeskommunen i samarbeid med Statsforvaltaren
		4	Sikre at jordvern blir tema i kommunale planar	Vurdere korleis dette kan gjerast. Kan til dømes ha jordvern som fast punkt i sjekkliste for tema som skal gåast i gjennom tidleg i prosessen.	Fylkeskommunen og Statsforvaltaren



OVERORDNA MÅL: Vestland skal vere eit føregangsfylke innan jordvern, og har nullvisjon for reduksjon av dyrka jord

DELMÅL 1: Kommunane har god tilgang til kunnskap, statistikk, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med jordvern

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
3	Utvikle og gjere tilgjengeleg verktøy og rettleiarar for kommunane	1	Sikre oppdaterte og gode rettleiarar og verktøy	Oppdatere og gjere tilgjengeleg eksisterande rettleiarar, og vurdere trong for nye rettleiarar og verktøy.	Fylkeskommunen og Statsforvaltaren
4	Skape meir debatt og merksemd om jorda sin verdi	1	Markere Verdas Internasjonale Jorddag	Verdas Internasjonale Jorddag er 5. desember. Den vil vi markere i Vestland. Det kan til dømes vere gjennom kronikkar eller arrangementer.	Fylkeskommunen og Statsforvaltaren i samarbeid med andre
		2	Vurdere å gjennomføre webinar om jord, jordhelse og jordkvalitet	Dette kan gjerast i eigen regi, eller ved å lyse ut midlar eller gje oppdraget til andre.	Fylkeskommunen



3.1 JORD OG AREAL – REGIONAL JORDVERNSTRATEGI FOR VESTLAND

OVERORDNA MÅL: Vestland skal vere eit føregangsfylke innan jordvern, og har nullvisjon for reduksjon av dyrka jord

DELMÅL 2: Sikre heilskapleg og langsiktig planlegging som tek i vare naturressursar, biologisk mangfald og dyrka jord

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Jordvern skal vere eit overordna omsyn i alle arealsaker, og fortetting og transformasjon bør alltid vurderast før dyrka mark vert omdisponert	1	Gjennomgang av alle utkast til kommunale planar på høyring for å sikre at jordvern er eit overordna omsyn	Gå gjennom og kommentere alle planar.	Statsforvaltaren
2	Jordbruksareal som blir omdisponert bør erstattast ved at nytt areal blir dyrka opp. Nytt areal bør helst vere større enn opphaveleg grunna redusert kvalitet ved nydyrking eller flytting av massar	1	Sikre at Vestland blir eit føregangsfylke innan jordvern, og oppnår nullvisjonen for reduksjon av dyrka jord	Synleggjere det viktigaste arealet for matproduksjon ved å definere kjerneområde landbruk. Oppmode til å definere kjerneområde landbruk og omsynssoner jordbruk i kommunale planprosessar og i relevante fora.	Statsforvaltaren
		2	Sikre at overskotsmasser vert nytta på ein god måte	Sette tema på dagsorden tidleg i planprosessen.	Fylkeskommunen og Statsforvaltaren
3	Alle kommunar bør ha oppdatert oversikt over arealreservar i gjeldande plan, og vi bør sikre ei samla oversikt i Vestland	1	Vurdere korleis dette arbeidet skal gjerast	Regional plan for klima har også tiltak knytt til arealrekneskap, og det skal utarbeidast ein regional plan for areal. Vi må kople dette arbeidet saman og sjå kva vi kan gjere på kort og lang sikt.	Fylkeskommunen
4	Alle kommunar bør sette seg eit jordvernmål og utarbeide planar og strategiar som sikrar at vi samla sett held oss innanfor jordvernmålet til Vestland. Kommunane bør vurdere å utarbeide kommunal jordvernstrategi, plan for flytting og ny bruk av matjord, og strategiar som ser på potensiale for å nytte overskotsmassar til forbetring og nydyrking av jordbruksareal.	1	Formidle innhaldet i jordvernstrategien til kommunane, legge til rette for auka kunnskap og erfaringsdeling	Gjennomføre ulike aktivitetar jamfør andre strategiar.	Fylkeskommunen og Statsforvaltaren



3.1 JORD OG AREAL – REGIONAL JORDVERNSTRATEGI FOR VESTLAND

OVERORDNA MÅL: Vestland skal vere eit føregangsfylke innan jordvern, og har nullvisjon for reduksjon av dyrka jord

DELMÅL 3: Jord skal nyttast, og i minst mogleg grad flyttast

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Vurdere bruk av jordbank for å sikre at jord og andre overskotsmasser vert kartlagt og nytta på ein god måte	1			
2	Nytte etablerte verktøy for å handtere jordmassar på ein betre måte, og legge til rette for erfaringsdeling mellom kommunane	1	Sette tema på dagsorden i relevante fora	Legge til rette for ny kunnskap og erfaringsdeling om gjenbruk av overskotsmassar til jordbruksføremål, og tilgjengelege verktøy for dette	Fylkeskommunen og Statsforvaltaren
3	Auke arealproduktivitet, ta i bruk areal som er gått ut av drift, og legge til rette for nydyrking der det ikkje er store arealbrukskonfliktar	1			

3.1 JORD OG AREAL – REGIONAL JORDVERNSTRATEGI FOR VESTLAND



OVERORDNA MÅL: Vestland skal vere eit føregangsfylke innan jordvern, og har nullvisjon for reduksjon av dyrka jord

DELMÅL 4: Nedbygging av jord til landbruksføremål skal reduserast - jorda skal drivast

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Etablere vegar og bygge på ein måte som legg til rette for god agronomi, effektiv og god arealbruk	1	Jobbe for å redusere tap av dyrka mark til bygg som er nødvendig i jordbruksdrifta	Webinar for kommunen - både landbruksforvaltning og byggesak.	Statsforvaltaren
2	Tilbakeføre areal til landbruksdrift, til dømes gjennom å fjerne bygg som ikkje er i bruk eller omdisponere til anna bruk				
3	Effektiv arealutnytting i eksisterende tun				
4	Auke kunnskapen om regelverket som gjeld driveplikt og jordleige	1	Opplæring folkevalde	Lage video og podkast.	Statsforvaltaren
		2	Info til eigarar som sit på areal ute av drift	Lage informasjonsmateriell.	Statsforvaltaren
		3	Følge opp kommunane	Tema på webinar.	Statsforvaltaren
5	Løfte fram driveplikta på ein positiv måte	1	Vise fram dei gode døma	Tema på landbrukskonferansen.	Statsforvaltaren
6	Driveplikt som tema i kommunale planar	1	Setje driveplikt på dagsorden	Gje høyringsfråsegn til planstrategi og kommunale planar.	Statsforvaltaren
7	Statsforvalteren må rettleie og følgje opp kommunane sitt arbeid	1	Sikre oversikt over nedbygging av areal	Kartlegge status.	Statsforvaltaren
		2	Utarbeide malar som kommunane kan nytte	Utforme gode malar og gjere dei tilgjengelege for kommunane, mellom anna gjennom nettsida.	Statsforvaltaren
		3	Sende ut informasjon om regelverk, oversikt over areal ute av drift, med meir	Gjennom til dømes nettsaker, e-post og webinar.	Statsforvaltaren



Premiss for berekraftig landbruk:

Oversikt over mål, strategiar og tiltak

3.1 JORD OG AREAL: REGIONAL JORDVERNSTRATEGI FOR VESTLAND



3.2 KLIMA OG MILJØ

3.3 REKRUTTERING OG KOMPETANSE



OVERORDNA MÅL: Eit berekraftig og klimasmart landbruk i Vestland som styrkar og utviklar matproduksjonen

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Utvikle og ta i bruk løysingar i tråd med Landbruket sin klimaplan 2021-2030	1	Biogasswebinar for kommunane	Gje kommunane tilbod om fagleg oppdatering vedkomande biogassanlegg (både fellesanlegg og anlegg på enkeltbruk) som alternativ for å redusere klimagassutslepp frå landbruket.	Fylkeskommunen i samarbeid med Innovasjon Norge og Vestland bondelag
		2	Arbeide for å koordinere klimaarbeidet retta mot landbruket i Vestland, gjennom prosjektet <i>Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket</i> (Klimavest)	Prosjektet som vart starta i 2021 og varer ut året 2024, skal samordne og stimulere til aktivitetar som bidreg til å redusere klimaavtrykket frå landbruket i Vestland. Eitt viktig tiltak er å motivere bøndene i fylket til å ta i bruk klimakalkulatoren.	Vestland landbruksselskap er prosjekteigar. Fylkeskommunen. Statsforvaltaren med fleire bidreg med økonomisk støtte
		3	Skaffe kunnskap om karbonbinding i jordbruket i Vestland gjennom prosjektet <i>Karbonfangst og andre klimavenlege tiltak</i>	Prosjektet som vart starta i 2019 og som varer ut året 2023, vil prøve ut metodar for å redusere klimapåverknadane frå jordbruket, slik at jorda kan bidra positivt med karbonfangst slik klimapanelet (IPCC) skisserer.	Voss kommune og NLR med økonomisk støtte frå mellom anna fylkeskommunen
2	Arbeide for å auke bruken av lokale ressursar i landbruket	1			



STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
3	Stimulere til grøn utvikling gjennom forskning og innovasjon	1	Strategien overlappar med strategiar under <i>Grøn innovasjon</i>	Sjå <i>Grøn innovasjon</i> for tiltak knytt til strategien.	Regionale forskingsfond Vestland
		2	Stimulere til forskning	Gjere potensialet som ligg i forskingsmidlane betre kjent for relevante aktørar.	
4	Arbeide for å auke bruken av lokale ressursar i landbruket	1	Gjennomføre tiltak fastsett i <i>Regional jordvernstrategi</i> , regionale planar for vassforvaltning og klima i tillegg til <i>Regionalt miljøprogram</i>	Følgje opp vedtekne planar.	Fylkeskommunen, Statsforvaltaren og kommunane
		2	Sikre berekraftig arealbruk	Blir følgt opp gjennom <i>Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling</i> i tillegg til <i>Regional plan for klima</i> , komande senterstrukturplan og komande arealplan.	
		3	Hjelpe og rettleie kommunar som ynskjer å utarbeide kommunedelplan for naturmangfald	Kommunedelplan for naturmangfald kan bidra til å gjere gode og berekraftige val knytt til arealbruk og eventuell utbygging. Miljødirektoratet har eiga tilskotsordning for kommunane. Sjå prioritering 55 i <i>Handlingsprogram 2022-2025</i> , <i>Regional plan for klima</i> .	Statsforvaltaren i samarbeid med kommunane og fylkeskommunen



Premiss for berekraftig landbruk:

Oversikt over mål, strategiar og tiltak

3.1 JORD OG AREAL: REGIONAL JORDVERNSTRATEGI FOR VESTLAND

3.2 KLIMA OG MILJØ



3.3 REKRUTTERING OG KOMPETANSE



3.3 REKRUTTERING OG KOMPETANSE

OVERORDNA MÅL: Landbruket i Vestland skal ha eit godt omdøme med høg kompetanse og god rekruttering

DELMÅL 1: Styrke og oppretthalde vestlandsbonden sitt gode omdøme

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Løfte fram gode døme frå landbruket i Vestland	1	Aktivitetar gjennom prosjekt <i>Grøn Utdanning i Vestland</i> som vart starta i 2021	Prosjektet skal auke interessa hos ungdom i Vestland for naturbruk og dei grøne næringane, og synleggjer gode døme og utdanningsmoglegheiter i Vestland.	Fylkeskommunen i samarbeid med Vestland bondelag, Statsforvaltaren, og naturbruksskulane
2	Synleggjere ei næring som tek klima- og miljøutfordringane på alvor	1	Tildele <i>Kulturlandskapsprisen</i> og <i>Klima- og miljøprisen</i> annakvart år	Marknadsføre, og tildele <i>Kulturlandskapsprisen</i> . Skape blest om vinnaren og arbeidet som er utført.	Fylkeskommunen og Statsforvaltaren
3	Legge til rette for urbant landbruk	1	Gjennomføre prosjektet <i>Markedshagesatsing i Vestland</i>	Gjennomføre prosjektet i samsvar med plan. Prosjektet starta i 2022 og varer til 2025.	Stiftelsen Lystgården med økonomisk støtte frå fylkeskommunen

3.3 REKRUTTERING OG KOMPETANSE



OVERORDNA MÅL: Landbruket i Vestland skal ha eit godt omdøme med høg kompetanse og god rekruttering

DELMÅL 2: Vestlandsbonden skal ha høg kompetanse

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Oppretthalde og utvikle gode utdanningstilbod innan landbruk	1	Følgje opp i samsvar med planen <i>Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021-2025</i> .	Gjennomføre i samsvar med plan.	Fylkeskommunen
2	Styrke og utvikle vaksengartnar- og vaksenagronomutdanningane i fylket	1			
3	Legge til rette for eit relevant og variert kurstilbod	1	Tilby kurs gjennom Kompetansenettverket for lokalmat	Tilbod om kurs, seminar, nettverk, studieturar, hospitering og gi oppfølging av fagpersonar gjennom besøksordninga.	Kompetansenettverket Vest
4	Stimulere til møteplassar for erfaringsdeling og kompetansebygging	1	Storsamling/samvirkekonferanse	Vurdere om det er aktuelt å arrangere ei samling i Vestland for bønder våren 2024, og eventuelt planlegge arrangementet.	Vestland bondelag i samarbeid med Landbruksråd Vestland



3.3 REKRUTTERING OG KOMPETANSE


OVERORDNA MÅL: Landbruket i Vestland skal ha eit godt omdøme med høg kompetanse og god rekruttering

DELMÅL 3: Auke rekrutteringa til vestlandslandbruket

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Skape interesse hjå ungdom i Vestland for naturbruk og dei grøne næringane	1	Aktivitetar gjennom prosjektet <i>Grøn Utdanning i Vestland</i> som vart starta i 2021	Prosjektet skal auke interessa hos ungdom i Vestland for naturbruk og dei grøne næringane, og synleggjer gode døme og utdanningsmoglegheiter i Vestland.	Fylkeskommunen i samarbeid med Vestland bondelag, Statsforvaltaren, og naturbruksskulane
2	Styrke samarbeid om rekruttering i fylket	1	Gjennomføre rekrutteringsprosjektet <i>Grøn Utdanning</i>	Prosjektet skal auke interessa hos ungdom i Vestland for naturbruk og dei grøne næringane, og synleggjer gode døme og utdanningsmoglegheiter i Vestland.	Fylkeskommunen i samarbeid med Vestland bondelag, Statsforvaltaren, og naturbruksskulane
3	Legge til rette for gode prosessar knytt til generasjonsskifte	1	Informere om støtteordningar knytt til generasjonsskifte for relevante målgruppe	Digitalt og gjennom møte.	Innovasjon Norge
		2	Informere kommunane om tidlegpensjonsordninga i landbruket	Digitalt og gjennom møte.	Statsforvaltaren
		3	Arrangere «Ny bonde»- samling	Tilbod til dei som er ferske i yrket.	Vestland bondelag i samarbeid med andre
		4	Gje tilbod om eigarskiftekurs med fokus på generasjonsskifte	Tilby kurs fleire stader i fylket.	Vestland bondelag




Innovasjon og næringsutvikling i landbruket





Innovasjon og næringsutvikling i landbruket:

Oversikt over mål, strategiar og tiltak



4.1 MATPRODUKSJON

4.2 GARDEN SOM GRUNNLAG FOR ENTREPRENØRSKAP OG
LOKALSAMFUNNSUTVIKLING

4.3 SKOG OG TRE

4.4 GRØN INNOVASJON



OVERORDNA MÅL: Halde oppe Vestland sin relative del av mjøl­k- og kjøtproduksjon, og auke berekraftig fôrproduksjon

DELMÅL 1: Styrke produksjonen av mjøl­k og kjøt

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Vere pådrivar for å sikre overgangen frå bås­fjøs til lausdrift	1	Sikre at investeringsmidlane tildelt Vestland vert nytta	Følgje med på ramma og innkomne søknadar. Omprioritere fordelinga mellom dei ulike produksjonane ved behov.	Landbrukspartnarskapen
		2	Informere om ordningane og mobilisere til søknadar	Gjennom informasjonsmøte.	Innovasjon Norge
		3	Møte med rådgjevarar	Innovasjon Norge deltek på møte med rådgjevarar i relevante organisasjonar.	Innovasjon Norge
		4	Informere bankar om tilskotsordningane til Innovasjon Norge	Til dømes gjennom infoskriv eller møte.	Innovasjon Norge
		5	Arbeide for å styrke investeringsrammene for små- og mellomstore bruk	Mellom anna gjennom innspel til jordbruksforhandlingane.	Aktørane i landbrukspartnarskapen, fylkeskommunen gjennom politisk vedtak
		6	Gjennomføre <i>Storfeprosjektet 2023</i>	Gjennomføre siste driftsår av storfeprosjektet i tråd med prosjektplanen.	Vestland landbruksselskap
		7	Evaluerer <i>Storfeprosjektet</i> og lage plan for framtidige mobiliseringstiltak	Gjennomføre evaluering av <i>Storfeprosjektet 2019-2023</i> og på grunnlag av evalueringa, vurdere korleis vidare arbeid skal organiserast og gjennomførast.	Fylkeskommunen i samarbeid med landbrukspartnarskapen



OVERORDNA MÅL: Halde oppe Vestland sin relative del av mjøl­k- og kjø­tproduksjon, og auke berekraftig fôrproduksjon

DELMÅL 1: Styrke produksjonen av mjøl­k og kjø­

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
2	Arbeide for å auke produksjonen av storfekjø­	1	Gjennomføre <i>Storfeprosjektet 2023</i>	Gjennomføre siste driftsår av storfeprosjektet i tråd med prosjektplanen.	Vestland landbruksselskap
3	Arbeide for å halde oppe produksjonen av sauekjø­	1	Gjere tilsyn på beite mindre arbeidskrevjande	Informasjon om bruk av elektronisk sporing på sau i utmark og informasjon om tilskot til kjø­p av elektronisk utstyr på sau i utmark.	Statsforvaltaren
4	Legge til rette for betre utnytting av kjekjø­	1			
5	Bidra til å oppretthalde og utvikle produksjon av geitemjøl­k	1			



4.1 MATPRODUKSJON – 4.1.1 Mjøl­k og kjøt

OVERORDNA MÅL: Halde oppe Vestland sin relative del av mjøl­k- og kjøtproduksjon, og auke berekraftig fôrproduksjon

DELMÅL 2: Auke lokal grovfôrproduksjon og bruk av beite

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Arbeide for auka avlingar og betre grovfôrproduksjon	1			
2	Stimulere til auka bruk av innmarks- og utmarksbeite	1	Gjere tilsyn på beite mindre arbeidskrevjande	Informasjon om bruk av elektronisk sporing og elektronisk gjerde på husdyr i utmark, og informasjon om tilskot til kjøp av elektronisk utstyr på husdyr i utmark.	Statsforvaltaren
		2	Dokumentere omfang og verdi av beiting, syne historisk bruk av beite, og vise potensialet for beiting	Informere om og motivere til utarbeiding av beitebruksplan på kommunenivå i samarbeid mellom kommunen og beitelaga.	Statsforvaltaren
3	Legge til rette for god utnytting av næringsstoff i gjødsel	1	Gjere det lønsamt å investere i gjødsellager med tak	Mellom anna gjennom innspel til jordbruksforhandlingane.	Fylkeskommunen
4	Arbeide for å redusere beiteskader av hjort på innmark	1	Senke bestanden og få fokus på betre samarbeid mellom jaktfel­ta i Storvalda	Tiltaket er del av rolla fylkeskommunen har knytt til viltforvaltning.	Fylkeskommunen
		2	Bidra til auka verdiskaping, mellom anna gjennom utleige av jakt, vidareforedling av hjortekjøt og auka omsetning av hjortekjøt som råvare	Sette ned ei arbeidsgruppe med representantar frå landbrukspartnarskapen som skal bidra til koordinert innsats for næringsutvikling knytt til hjortekjøt.	Fylkeskommunen

4.1 MATPRODUKSJON – 4.1.2 Frukt og grønt



OVERORDNA MÅL: Auke produksjon og verdiskaping knytt til frukt og grønt

DELMÅL 1: Auke verdiskaping på produsentnivå

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Legge til rette for å utvikle og ta i bruk ny driftsteknologi og nye driftsmetodar	1			
2	Stimulere til å prøve ut og ta i bruk alternative dyrkingsmetodar og nye sortar	1	Gjere kjent handlingsrommet som ligg i føringane for IBU-midlane	Informere på møte og gjennom andre aktivitetar.	Innovasjon Norge
3	Stimulere til vidareforedling og produktutvikling	1			
4	Stimulere til forskingsbasert utvikling og innovasjon	1	Knyte kontakt mellom næringa og forskingsmiljø	Mellom anna gjennom arbeid i Programstyret for frukt og grønt.	
		2	Legge til rette for betre samarbeid om FoU	Gjennomføre fase 2 i prosjektet <i>Etablering av Nasjonalt frukt- og sidersenter.</i>	NIBIO Ullensvang
		3	Utvikle teknologi tilpassa Vestland, som kan som kan lette og effektivisere arbeidet	Mellom anna gjennom prosjektet <i>Teknoløft Sogn og Fjordane.</i>	Høgskulen på Vestlandet med støtte mellom anna frå Regionalt forskingsfond Vestland



4.1 MATPRODUKSJON – 4.1.2 Frukt og grønt

OVERORDNA MÅL: Auke produksjon og verdiskaping knytt til frukt og grønt

DELMÅL 2: Auke produksjon i tråd med auke i etterspurnad

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Sikre kvalitet i heile verdikjeda (lagringsteknologi og kunnskap om råvarebehandling i butikk)	1	Følgje opp prosjekt og formidle ny kunnskap som sikrar god bruk av ressursar og kvalitet i heile verdikjeda	Samordne arbeidet gjennom Programstyret for frukt og grønt.	Fylkeskommunen i samarbeid med aktørane i Programstyret for frukt og grønt
2	Legge til rette for å auke avlinga per dekar	1			
3	Stimulere til å tilpasse produksjonen av råvarer og produkt til ulike marknader	1			
4	Synleggjere produkt frå Vestland fylke både i og utanfor sesong	1	Bedrifter frå Vestland syner seg fram på Grüne Woche	Vere ein del av standen til Fjord Norge-regionen.	Mataarena, Statsforvaltaren med fleire
5	Jobbe for å gjere lokal frukt tilgjengeleg i offentlege kantiner	1	Auke bruken av lokal frukt i fylkeskommunen sine skulekantiner	Som ein del av det å vidareføre prosjekt om berekraftig mat i fylkeskommunen sine skulekantiner.	Fylkeskommunen



OVERORDNA MÅL: Auke produksjon og verdiskaping knytt til frukt og grønt

DELMÅL 3: God og sikker tilgang til marknader

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Legge til rette for at lokalmatprodusentar har kompetanse til å drive marknadsorientert og lønsamt	1	Formidle kunnskap og styrke fagkompetansen i heile verdikjeda	Gjennom samarbeidsavtalen med Matarena.	Matarena med økonomisk støtte frå fylkeskommunen
2	Bidra til auka samarbeid for enklare og billigare distribusjon av lokalmat	1	Hauste erfaringar gjennom forprosjektet <i>Felles satsing på lokalmat i Nordfjord</i>	Kartlegge behov og peike på kva som må til for å legge til rette for meir samarbeid, samhandling og auka synergjar i lokalmatnæringa i Nordfjord.	Gloppen kommune med økonomisk støtte frå fylkeskommunen
3	Legge til rette for gode koplingar mellom lokalmatprodusentar og HoReCa-marknaden	1			
4	Styrke koplinga mellom lokalmat og reiseliv	1	Starte opp hovudprosjektet <i>Ei rikare reise</i>	Starte opp eit fleirårig utviklingsprosjekt basert på forprosjektet <i>Ei rikare reise</i> . Gjennom prosjektet er målet å utvikle mat og kultur som oppleving. Dette skal bidra til å forlenge opphaldet og auke verdiskapinga.	Fylkeskommunen
5	Støtte opp om større arrangement og salsarenaer for lokalmat	1	Bergen Matfestival 2023	Gjennom samarbeidsavtale med Matarena.	
		2	Grüne Woche 2023	Tilskot til Matarena.	



DELMÅL 1: Auka mangfald i lokalmat

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Stimulere til meir samarbeid mellom næringsaktørar, FoU og offentleg forvaltning	1	Gjere etablerte forskingsverkemiddel betre kjent	Invitere kompetansemeklarar og andre som jobbar med forskning på møte der det er relevant.	Fylkeskommunen og andre
2	Inspirere produsentane til å inngå formelle samarbeid	1	Legge til rette for ein møteplass med dette som tema	Samle småskala grønnsaksprodusentar/marknadshag edyrkarar til ei samling og info om forpliktande produsentsamarbeid i Vestland.	Statsforvaltaren i samarbeid med Innovasjon Norge
		2	Fellesstand på Bondens marked i Bergen	Teste fellesstand på Bondens marked i Bergen for småskala grøntprodusentar.	Statsforvaltaren
3	Mobilisere til auka produksjon av lokalmat	1	Medverke til å vidareutvikle og auke verdiskapinga i sidernæringa	Blir følgd opp mellom anna gjennom samarbeidsavtalen med siderprodusentlaget.	Fylkeskommunen saman med andre
		2	Legge til rette for møteplassar	Følgje opp og rettleie lokale produsentsamarbeid og nettverk.	Statsforvaltaren
		3	Utvikle næringar knytt til hjortekjøtt i Vestland fylke	Gjennom samarbeid med Norsk Hjortesenter.	Fylkeskommunen



DELMÅL 2: Auke verdiskapinga på gardsbruk med lokal foredling


STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Styrke kurs- og kompetansetilbodet innan lokal foredling av mat og drikke	1	Tilby kurs tilpassa etterspurnaden	Gjennomføre handlingsplan for kompetansenettverket for lokalmat.	Fylkeskommunen
		2	Samarbeidsavtale med Matarena	Styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet knytt til berekraftig lokalmat frå sjø og land.	Matarena i samarbeid med fylkeskommunen



Innovasjon og næringsutvikling i landbruket:

Oversikt over mål, strategiar og tiltak

4.1 MATPRODUKSJON



**4.2 GARDEN SOM GRUNNLAG FOR ENTREPRENØRSKAP OG
LOKALSAMFUNNSUTVIKLING**

4.3 SKOG OG TRE

4.4 GRØN INNOVASJON



4.2 GARDEN SOM GRUNNLAG FOR ENTREPRENØRSKAP OG LOKALSAMFUNNSUTVIKLING

OVERORDNA MÅL: Bidra til god ressursutnytting på garden, som grunnlag for å skape ny næring

DELMÅL 1: Legge til rette for å auke tilbudet av velferdstenester gjennom "Inn på tunet"

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Formidle nasjonale mål og synleggjere nytteverdien for aktuelle kjøparar	1	Sjå strategi 2, tiltak 1 og 2		
2	Stimulere til aktivt tilbydarnettverk, for styrka kompetanse og motivasjon	1	Forprosjekt for auka verdiskaping Inn på tunet	Utgreie korleis ein ved å setje fokus på å kvalitetssikre og å tilpasse tenestene til marknaden, kan auke etterspurnaden. Prosjektet vil mellom anna bygge på resultata frå "Inn på tunet-løftet 2", sikre god forankring i næringa og hjå aktuelle samarbeidspartnar i fylket.	Inn på tunet Norge SA med støtte frå fylkeskommunen
		2	Følgje opp og implementere resultat frå pilotprosjekta i "Inn på tunet-løftet 2".	Gjennom "Inn på tunet-løftet 2" har det vore gjennomført 3 pilotprosjekt som har kartlagt kva utfordringar kommunar, fylkeskommunar og NAV møter på når dei skal ut og kjøpe Inn på tunet-tenester. Vidareformidle resultata av pilotprosjekta, tilby verktøy og oppfølging.	Statsforvaltaren
		3	Utarbeide ny handlingsplan for Inn på tunet Vestland.	Prioritere aktiviteten i 2023.	Statsforvaltaren
3	Utvikle og tilby verktøy som kommunane kan nytte ved kjøp av "Inn på tunet"-tenester	1	Sjå strategi 2, tiltak 1 og 2		
4	Arbeide for forskings- og utviklingsprosjekt, særleg opp mot økonomisk nytteverdi	1			

4.2 GARDEN SOM GRUNNLAG FOR ENTREPRENØRSKAP OG LOKALSAMFUNNSUTVIKLING



OVERORDNA MÅL: Bidra til god ressursutnytting på garden, som grunnlag for å skape ny næring

DELMÅL 2: Medverke til gode og levedyktige lokalsamfunn

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Vidareføre og styrke LivOGLyst-satsinga i Vestland	1	Evaluere LivOGLyst-programmet si styring, funksjon og resultat av ordninga. Knytte programmet tettare opp mot fylkeskommunen sitt pågåande arbeid med samfunnsutvikling. Skape nettverk på tvers av andre regionale og nasjonale satsingar.	Evaluere programmet og ut frå evalueringa utforme nye styringsdokument for LivOGLyst Vestland.	Fylkeskommunen
2	Stimulere til samarbeid og erfaringsutveksling på tvers av verksemdar og næringar	1			

4.2 GARDEN SOM GRUNNLAG FOR ENTREPRENØRSKAP OG LOKALSAMFUNNSUTVIKLING



OVERORDNA MÅL: Bidra til god ressursutnytting på garden, som grunnlag for å skape ny næring

DELMÅL 3: Styrke opplevingsbasert reiseliv knytt til garden

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Bidra til å vidareutvikle landsbruksbaserte reiselivsprodukt	1	Starte opp hovudprosjektet <i>Ei rikare reise</i>	Starte opp eit fleirårig utviklingsprosjekt basert på forprosjektet <i>Ei rikare reise</i> . Gjennom prosjektet er målet å utvikle mat og kultur som oppleving. Dette skal bidra til å forlenge opphaldet og auke verdiskapinga.	Fylkeskommunen
		2	Bidra til auka verdiskaping, til dømes gjennom utleige av jakt, vidareforedling av hjortekjøtt og auka omsetning av hjortekjøtt som råvare	Setje ned ei arbeidsgruppe med representantar frå landbrukspartnarskapen som skal bidra til koordinert arbeid for å utvikle næringar knytt til hjortekjøtt.	Fylkeskommunen
2	Leggje til rette for at tilbyddarar kan lære av kvarandre	1			
3	Skape møteplassar mellom lokalmatprodusentar og reiselivsaktørar	1			




Innovasjon og næringsutvikling i landbruket:

Oversikt over mål, strategiar og tiltak

4.1 MATPRODUKSJON

4.2 GARDEN SOM GRUNNLAG FOR ENTREPRENØRSKAP OG
LOKALSAMFUNNSUTVIKLING



4.3 SKOG OG TRE

4.4 GRØN INNOVASJON



OVERORDNA MÅL: Auke verdiskaping og vidareforedling frå skognæringa i Vestland, med klima og berekraft som premiss

DELMÅL 1: Skape lokale verdikjeder for trevirke gjennom nyetableringar og auka konkurransekraft

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Bidra til at det vert etablert fleire sagbruk og andre foredlingsverksemder	1	Informere om aktuelle finansieringsordningar	Gjennomføre digitale møter med aktuelle søkjarar eller kommunar. Delta på synfaringar.	Innovasjon Norge
		2	Synleggjere at det er eit potensiale for etablering av fleire mellomstore sagbruk og vidareforedlingsverksemder av trelast i fylket	Analysere rasjonelle plasseringar og undersøke eit konsept for eit høgautomatisert sagbruk i denne klassen. Også undersøke om det er mogleg å etablere andre industrielle prosessar for restråstoff og massevirke knytt til sagbruk.	Statsforvaltaren
2	Bidra til at allereie etablerte sagbruk kan utvide og skape større verdiskaping i næringa	1	Informere om aktuelle finansieringsordningar	Gjennomføre digitale møter og eventuelt synfaring.	Innovasjon Norge
		2	Invitere til møtepunkt for næringa	Arrangere kurs om mellom anna bruk av sosiale media for små og mellomstore verksemder og sertifisering av verksemder.	Statsforvaltaren i samarbeid med andre
3	Bidra til å bygge lokale verdikjeder, auke samarbeid i eksisterande verdikjeder og gjere verdikjedene meir kjende	1	Følgje opp <i>Melding om Kystskogbruket</i>	Utarbeide og gjennomføre fylkeskommunane sitt oppfølgingsprogram.	Fylkeskommunen i samarbeid med dei andre fylka i Kystskogbruket
4	Jobbe for å auke marknadsdelen av trekonstruksjonar i bygg	1	Informere kommunar og bønder om landbruksbygg i tre og stønadsordningar i samband med dette	Informasjon i dialog, møte med meir.	Statsforvaltaren og Innovasjon Norge

4.3 SKOG OG TRE



OVERORDNA MÅL: Auke verdiskaping og vidareforedling frå skognæringa i Vestland, med klima og berekraft som premiss

DELMÅL 2: Skog for framtida

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Jobbe for auka forynging og god ungskogpleie	1	Målretta informasjon til skogeigarar som nyleg har hatt hogst	Opplyse om foryngingssplikt, tilskot og bruk av skogfond.	Kommunane i samarbeid med Statsforvaltaren og skognæringa
2	Bidra til redusert ungskoghogst	1	Kartlegge omfang av ungskoghogst	Kartlegge omfang i kommunar med nye skogtakstar.	Statsforvaltaren i samarbeid med andre
		2	Auke areal med ungskogpleie	Gjennomføre ungskogpleie på areal kartlagt gjennom prosjektet <i>Ekstra skogkultursatsing</i> .	Statsforvaltaren, kommunane, næringa.
3	Synleggjere og auke produksjonsarealet	1	Synleggjere potensielt produksjonsareal gjennom felles skogplanar og områdeplanar for skogsveg	Tilby fellesplanar i samanhengande skogområde der det er store tømmerverdiar, men manglande infrastruktur.	Statsforvaltaren, skogsvegplanleggarar
4	Sikre eit skogbruk som er tilpassa forventa klimaendringar og som tek vare på biologisk mangfald	1	Utvide kunnskap om skog som sikring mot naturfare på Vestlandet	Utarbeide skjøtelsesplanar/skogbruksplanar i samband med vernskogprosessar i kommunane.	Kommunane i samarbeid med andre
		2	Informere skogeigarar om risiko og moglege tiltak for å minske risiko	Informere skogeigarar gjennom nettsider og skogbruksplanar.	Statsforvalteren i samarbeid med planselskap og Skogkurs
		3	Gjennomføre studietur for skogforvaltning og skogeigarar	Vitje område med god praksis innan vernskogforvaltning.	Statsforvaltaren, Skogkurs, Landbruksdirektoratet
		4	Innarbeide nye forvaltningsregelverk i kommunal praksis	Dialog SKOG eller regionale møter.	Statsforvaltaren, Landbruksdirektoratet



OVERORDNA MÅL: Auke verdiskaping og vidareforedling frå skognæringa i Vestland, med klima og berekraft som premiss

DELMÅL 3: Forbetring av infrastruktur

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Ta landbruket sine interesser med i vurdering av å oppgradera og oppskrive det offentlege vegnettet	1	Nytte kunnskapsgrunnlaget frå prosjektet <i>Viktige vegar for næringslivet</i>	Vurdere korleis vi tek arbeidet vidare.	Fylkeskommunen
2	Synleggjere behov for og nytte av vegbygging overfor skogeigarar i samarbeid med kommunane	1	Synleggjere gjennom felles skogplanar og områdeplanar for skogsveg	Tilby fellesplanar i samanhengande skogområde der det er store tømmerverdiar, men manglande infrastruktur.	Statsforvaltaren, skogsvegplanleggarar
		2	Bygge opp under samarbeid omkring veibyging	Organisere møte i dekningsområde for skogsvegar.	Kommunane i samarbeid med Skogselskapet og Statsforvaltaren
3	Få betre oversikt over skogsressursane i forhold til skogsvegbehovet	1			



OVERORDNA MÅL: Auke verdiskaping og vidareforedling frå skognæringa i Vestland, med klima og berekraft som premiss

DELMÅL 4: Auka kompetanse og rekruttering til skog- og trenæringa

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Synleggjere næringa som attraktiv og framtidsretta	1	Følgje opp <i>Melding om Kystskogbruket</i>	Utarbeide og gjennomføre fylkeskommunane sitt oppfølgingsprogram.	Fylkeskommunen i samarbeid med dei andre fylka i Kystskogbruket
2	Synleggjere arbeidsmoglegheitene i skog- og trenæringa	1	Aktivitetar gjennom prosjekt <i>Grøn Utdanning i Vestland</i>	Prosjektet skal auke interessa hos ungdom i Vestland for naturbruk og dei grøne næringane, og synleggjer gode døme og utdanningsmoglegheiter i Vestland.	Fylkeskommunen i samarbeid med Vestland bondelag, Statsforvaltaren, og naturbruksskulane.
		2	Gjennomføre karrieredagar innan skognæringa	Gjennomføre ein karrieredag i Sunnfjord og ein på Voss der næringa og utdanningsinstitusjonar får presentert seg både for 10. klassingar og elevar frå vidaregåande skular.	Sogn og Fjordane skogselskap etter tilskot frå fylkeskommunen
		3	Følgje opp <i>Melding om Kystskogbruket</i>	Utarbeide og gjennomføre fylkeskommunane sitt oppfølgingsprogram.	Fylkeskommunen i samarbeid med dei andre fylka i Kystskogbruket
3	Auke skogfagleg kompetanse hjå skogeigarane og kommunane	1	Kurs og nettverksbygging i skogbruket	I 2023 er målet å gjennomføre over 30 kurs og fagdagar som skal auka kompetanse og forståing for skog og skogbruk på Vestlandet.	Sogn og Fjordane skogselskap etter tilskot frå fylkeskommunen
4	Jobbe for meir og varig samarbeid mellom skogeigarar	1	Tilby fellesplanar i større samanhengande skogområde	Testprosjekt i Stad, Alver, Fjaler, Askvoll og Hyllestad. Skogeigarar får tilbod om fellesplanar i utvalde område med mykje skog, manglande skogsveg, spesielle miljøverdiar, rasfare, mykje friluftsliv m.m.	Statsforvaltaren i samarbeid med AT Skog SA, Skogselskapet og FanAgro AS




Innovasjon og næringsutvikling i landbruket:

Oversikt over mål, strategiar og tiltak

4.1 MATPRODUKSJON

4.2 GARDEN SOM GRUNNLAG FOR ENTREPRENØRSKAP OG
LOKALSAMFUNNSUTVIKLING

4.3 SKOG OG TRE



4.4 GRØN INNOVASJON



OVERORDNA MÅL: Landbruket skal vere ein bidragsyter til berekraftig utvikling gjennom innovasjon

DELMÅL 1: Ressursar og restressursar frå landbruket skal bidra til å utvikle nye næringar og nye verdikjeder

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Legge til rette for møteplassar der innovasjon kan skje på tvers av næringar eller etablerte verdikjeder	1	Inkludere landbruk i aktivitetar med næringsutvikling som føremål	Oppmode kommunar og næringsselskap om å inkludere landbruk.	Fylkeskommunen
		2	Gjere etablerte forskingsverkemiddel betre kjend	Invitere kompetansemeklarar og andre som jobbar med forskning på møte med landbruksnæringa.	Fylkeskommunen og andre
2	Ta i bruk ny teknologi som kan medverke til å redusere utslepp og erstatte importerte innsatsfaktorer som til dømes for gjødsel				
3	Sirkulære prinsipp vert lagt til grunn for å redusere bruk av innsatsfaktorar og skape mindre avfall og utslepp	1	Styrke samhandling og kompetanse om sirkulærøkonomi og industriell symbiose	Det er mange initiativ på gang i fylket til dømes innan biodrivstoff, biokol og avfall frå land og sjø. Det er behov for å styrke kompetanse og samhandling på området, mellom ulike aktørar og forvaltningsnivå.	Fylkeskommunen i samarbeid med Innovasjon Norge
		2	Gjere etablerte forskingsverkemiddel betre kjend	Invitere kompetansemeklarar og andre som jobbar med forskning på møte der det er relevant.	Fylkeskommunen og andre
4	Skape nytteverdi og nye moglegheiter ved bruk av restressursar	1			
5	Legge til rette for auka karbonbinding og jordbetring gjennom auka utnytting av biologisk nedbrytbart materiale, til dømes biokol	1			



OVERORDNA MÅL: Landbruket skal vere ein bidragsyter til berekraftig utvikling gjennom innovasjon

DELMÅL 2: Landbruket skal produsere og ta i bruk meir fornybar energi

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Gjennom arbeidet med regional plan for fornybar energi skal vi kartlegge potensiale for meir produksjon og bruk av fornybar energi i landbruket i Vestland	1	Planen blir vedteken i mars 2023. Han er ikkje retta mot særskilde næringar		Fylkeskommunen, NPI-Grøn næringsinfrastruktur
2	Legge til rette for meir produksjon og bruk av fornybar energi gjennom mobilisering og nettverk	1	Biogasskonferanse for kommunane	Gje kommunane tilbod om fagleg oppdatering vedkomande biogassanlegg, både fellesanlegg og anlegg på enkeltbruk, som alternativ for å redusere klimagassutslepp frå landbruket.	Vestland fylkeskommune i samarbeid med Innovasjon Norge og Vestland bondelag
		2	Informere om støtteordningar knytt til alternative energiformer i landbruket og stimulere til søknadar	Gjennom informasjonsmøte.	Innovasjon Norge

4.4 GRØN INNOVASJON




OVERORDNA MÅL: Landbruket skal vere ein bidragsyter til berekraftig utvikling gjennom innovasjon

DELMÅL 3: Bidra til at bonden tar i bruk innovasjonar som lettar arbeidet og aukar innteninga

STRATEGIAR		TILTAK		DETTE SKAL VI GJERE	HOVUDANSVARLEG
1	Stimulere til bruk av teknologiske løysingar som avlastar bonden og effektiviserar prosessane	1	Utvikle teknologi tilpassa Vestland, som kan lette og effektivisere arbeidet	Mellom anna gjennom prosjektet <i>Teknoløft Sogn og Fjordane</i> .	Høgskulen på Vestlandet, med støtte mellom anna frå Regionalt forskingsfond Vestland
2	Stimulere til å prøve ut ny teknologi, ny kunnskap og nye innsatsfaktorer	1			
3	Finne løysingar på korleis næringa i større grad kan dele på eksisterande ressursar	1			



Verkemiddel



HOVUDMÅL: Vestland skal vere eit nyskapande landbruksfylke basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon



Verkemiddel

Politisk

- Politisk vedtekne [regionale strategiar og planar](#)
- Jordbruksoppgjeret

Økonomisk

Statlege verkemiddel knytt til landbruk:

- [Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket](#)
- [Rekruttering og kompetanseheving i landbruket](#)
- [Kompetansenettverket for lokalmat](#)
- Prosjektmidlar til [Kystskogbruket](#)
- [Tilskot til vilttiltak](#)
- Investerings- og bedriftsutviklingsmidlar (IBU)
- Tilskot til enkeltbruk (forvalta av Statsforvaltaren og kommunane)

Forsking

- [«Temaplan forskning for Vestland fylke 2022-2027»](#)
- Innovative nettverkssamarbeid med aktørar innan FoU
- Styrke koplinga mellom næringa, FoU-miljø og forvaltinga

Kompetanse

Kompetanseutvikling i arbeidslivet:

- [Karriererettleiing](#)
- Etter- og vidareutdanning
- Tett samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet
- Kurs- og utdanningstilbod

Samhandling og møteplassar

- Satsing på nettverkssamarbeid mellom aktørar i dei ulike produksjonane
- Stimulere til innovasjonsprosessar på tvers av næringa og innovasjonsmiljø

Forvaltningsmessig og juridisk

- Drift av vidaregåande skuler med utdanningsprogram naturbruk
- Utvikling av fagskuletilbod
- «Vaksenagronomen»
- Forvaltning knytt til mellom anna areal, jord, vatn og miljø

Internasjonalt samarbeid

- [Erfaringsdeling og læring](#)
- [Økonomiske verkemiddel](#)



Foto:
Morten Wanvik /
Vestland
fylkeskommune

Samarbeid i landbrukspartnerskapen

Gjennom oppdragsbrev frå landbruks- og matdepartementet har fylkeskommunen fått i oppgåve å legge føringar for det regionale arbeidet med næringsutvikling i landbruket og leie partnerskapen knytt til dette arbeidet. For fylkeskommunen og den regionale landbrukspartnerskapen er samarbeidet med kommunane svært viktig. Temaplan landbruk er ikkje bindande for kommunane, men kommunane kan bruke planen som grunnlag for å lage egne planar.

Organisasjonar som er med i landbrukspartnerskapen i Vestland:

- Vestland fylkeskommune
- Innovasjon Norge Vestland
- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland Bondelag
- Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag
- Hordaland Bonde- og Småbrukarlag

Landbrukspartnerskapen har mynde til å vedta korleis Vestland si årlege ramme for investerings og bedriftsutviklingsmidlane i landbruket (IBU-midlane) skal fordelast mellom produksjonar og legge geografiske føringar for midlane.

Sakar som blir drøfta fast i landbrukspartnerskapen:

- Innspel til jordbruksforhandlingane
- Søknader om tilskot frå midlar til «Rekruttering og kompetanseheving i landbruket»
- Søknader om tilskot frå midlar til «Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket»
- Oppfølging av temaplan landbruk og årsplan

Landbrukskonferansen blir arrangert kvart år av fylkeskommunen, Statsforvaltaren og Innovasjon Norge. Hovudmålgruppa for konferansen er tilsette i kommunane som jobbar med landbruk.

